



ØRSKOG KOMMUNE - SJØHOLT SKULE

VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO) SJØHOLT SKULE

1. DEFINISJON – jf. § 13.7 i Opplæringslova

Kommunen skal ha eit tilbod om skulefritidsordning før og etter skuletid for

1.- 4. årssteg. Skulefritidsordninga skal legge til rette for lek, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hjå barna. Skulefritidsordninga skal gi barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår.

Arcala, både ute og inne, skal vere eigna for formålet.

Barn med særlege behov kan nytte SFO også i 5.- 7. årssteg.

2. FORMÅL

Innhaldet i SFO skal vere tilpassa barna sine behov og føresetnader. Opplegget må vere slik at barna trivst og kjenner seg trygge. SFO skal drivast i samsvar med Opplæringslova.

3. ORGANISERING

- a) SFO er kommunalt eigd og drive. SFO er administrativt lagt under rektor ved skulen.
- b) Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret for ordninga.
- c) Til å stå for drifta blir det valt eit SFO-styre med slik samansetjing: Rektor, 2 representantar valde av dei som har barn i SFO, 1 representant vald av og frå pedagogisk personell ved skulen, 1 representant frå foreldrerådet ved skulen. Dagleg leiar er sekretær – med tale og forslagsrett.
- d) Opptak av barn: Alle får plass etter påmelding til skulen for eitt år om gongen.
- e) Hovudbasen inne er på 100 m2. Sjøholt skule syter for høveleg leike- og opphaldsareal både ute og inne ut over arealet i hovudbasen.
- f) SFO har tilbod om: - Heil plass, dvs før og etter skuletid og på skulefrie dagar.
- Halv plass, dvs før og etter skuletid

4. STYRET SINE OPPGÅVER

Styret skal etter kommunestyret sine retningslinjer:

- Godkjenne årleg informasjonsheftet for SFO
Informasjonsheftet vert utarbeidd av personalet ved SFO
- Legge fram forslag til budsjett for SFO og ha ansvar for budsjettoppfølging
- Legge fram forslag til satsar for opphaldsbetaling
- Legge fram forslag til endringar i vedtektene
- Vedta personalinstruks
- Legge fram forslag til opningstider for SFO.

5. FORELDRERÅDET

Alle foreldre som har barn ved skulen, utgjer foreldrerådet ved skulen.

Foreldremøte vert halde etter behov - samordna med foreldremøta for klassene.

SFO gjennomfører konferansetimar minst 1 gong i året – samordna med skulen.

Foreldrerådet sitt arbeidsutvalg (FAU) skal m.a.:

- Velge representantar til styret for SFO
- Få framlagt større saker til uttale

6. PERSONALET

SFO har ein dagleg leiar gjerne med pedagogisk utdanning. Personalet elles vert tilpassa talet på barn og val av aktivitetar. I tillegg kan andre personar knytast til verksemda - slik som praktikantar, pensjonistar, ungdomsskuleelevar gjennom tilvalsag eller utplassering.

7. ØKONOMI

Kommunen fastset opphaldsbetaling ein gong kvart år. Eventuelle endringar skjer frå 01.08. For å kunne sikre økonomien, kan styret gjere vedtak om at påmeldinga skal gjelde for eit halvår om gongen. Oppseiing av plass i SFO må skje med 1 månads varsel. Ved oppseiing før 01.08 vert det kravd opphaldsbetaling for 1 måned. Ved oppseiing etter 1. april vert det kravd opphaldsbetaling ut SFO-året, dvs. for månadane mai og juni.

8. TEIEPLIKT

Alle medlemmer av styrande organ og tilsette har teieplikt i samsvar med skulen sitt regelverk.

9. OPNINGSTIDER

SFO har ope i samsvar med eiga SFO-rute – samla 45 veker pr år. SFO kan halde stengt inntil 5 dagar pr år p.g.a. planleggingsdagar. SFO må ha minst 3 barn for å halde ope.

Opningstider:

Måndag – fredag: kl. 07.00 - 08.30 + kl. 13.00/14.00 - 16.30

Fridagar for elevar: kl. 07.00 – 16.30

Opningstider om morgonen kan variere noko etter behov.

10. SKYSS

Skyss til og frå SFO er foreldra sitt ansvar.

11. REKTOR SITT ANSVAR – jf. også § 3b.

- Tilsetjing av personale
- Lønsutrekning og utbetaling av løn
- Føre rekneskap etter oppsett budsjett
- Ordne med forsikring og alt det formelle SFO fører med seg

12. ENDRING AV VEDTEKTENE

OK-utvalet (UOK) kan gjere vedtak om endringar i desse vedtektene.

Vedtektene vart godkjende i HU-sak 24/93 – møte 04.05.93

Vedtektene vart endra – styremøte 12.02.97

Framlegg til endringar styremøte 17.09.98 – vedtektne OK-utvalet 14.12.98

Vedtektene vart endra – UOK-sak 032/00 – 19.06.00

Vedtektene endra etter tilråding frå styret i SFO møte 25.10.05 – vedtak UOK: møte 28.03.06 sak 16/06